



Advokatfirmaet Handeland og Døssland, her representert ved Synnøve Handeland og Bjarte Døssland, får overrekt Målblomen for 2008. Kven blir det i kveld? (Foto: Kvinnheringen).

I kveld skal Kvinnherad Mållag, som blir leia av uskedelingen Kristian Bringedal, tildela Målblomen for 2009. Det skjer på årsmøtet i Gamleskulen i Uskedalen.

Dette er ein pris for medvite bruk av nynorsk i kommunal og offentleg teneste, i private verksemder og i organisasjonar.

Målblomen har sidan 1999 vorte tildelt verksemder som over tid har synt at dei brukar nynorsk i lysingar, marknadsføring og elles i skriftleg tilfang internt og mot kundar og brukarar.

Til no har desse motteke Målblomen:

SØRAL, SIM, SKL, Kvinnherad Energi, Sparebanken 1 Kvinnherad, Uskedal Trelastlager, Rosendal Bokhandel, Galleri G Guddal, Rosendal Barnehagesenter og advokatfirma Handeland og Døssland.